



CD

Oslo Kammerkor/Håkon Daniel Nystedt (dirigent)

«Strid»

Med Kirsten Bråten Berg, Sondre Bratland, Helga Gunnes, Liv Ulvik og Bjørn Sigurd Glorvigen (folkesongarar)

2011

Verknadsfull strid

Oslo Kammerkor har gjennom 25 år hatt utøvinga av folketonar som del av verksemda si. Så òg på den nye plata, «Strid», der konseptet er å plassera folketonar og klassisk musikk ikkje side om side, men oppå kvarandre.

Det vil seia, somme folketonar står åleine. Ein einstemt versjon av «Gud unde oss her at leve saa» opnar plata, som for å markera den solistiske tradisjonen som utgangspunkt. Kirsten Bråten Berg framfører solistiske stev undervegs, medan etter andre tonar kling i nye eller gamle arrangement.

Men dei sterkeste møta inkluderer både det klassiske og det folkelege. Koret har funne fram til tonale og tematiske samanhengar som bind songane tett til kvarandre. I utgangspunktet vert materialet framført uendra, tilsynelatande uforstyrra av kvarandre. Likevel oppstår verknadsfulle dialogar. Som når tonane frå Rachmaninov sin «Vesper» smyg seg inn i Helga Gunnes' tolking av «Jesus din sôte forening å smoke», og gjev songen hennar eit tungt, melankolsk fundament, samstundes som dei lette tonane hennar krydrar Vesperen med dissonansar. Eller når «Kjerubhymnen» av Tsjaikovskij skapar opning for nye dynamiske høgdepunkt i Sondre Bratland si jordnære tolking av «Mitt hjerte alltid vanker», som om stykka var skrivne for kvarandre.

For å leggja til rettes for koplin-gane vert mykje av repertoaret tolka langsamt. I ei anna setting ville eg truleg sakna større fram-drift, medan tempoet her opplev-vast som fleksibelt, med høve til å reflektera over felles trekk. For møtepunkta finst; ikkje berre i harmoniar, men òg i det storparten av songane uttrykkjer menneske si religiøse lengsle mot ei høgare eining. Kan henda er det nettopp desse ulike vilkåra som grip meg; Om lengsla er tung og romantisk eller inderleg og naiv, er dei uansett variasjonar, over eitt og same tema.

IDA

HABBESTAD

Dagsavisen lørdag 2. april 2011

